

# FUSA KYRKJEBLADE

Nr. 2

Påske 2022

Årgang 88 år


## Fusa kyrkjeblad 1922 - 2022

**FUSA KYRKJELYDBLADE**



»Samles vi kan da med vår drott selv i den laveste hytte, finne med Peter der er godt, tok ei all verden i bytte. Ånd er og liv i allen stund ordet til oss av Jesu munn: ordet kun helliger huset.«

Nr. 2	April 1981	47. årg.
-------	------------	----------



**SJÅ, HAN LEVER!**


Høgtidene er med på å minne om kva Gud har gjort for oss. Gjennom heile året kan vi fylgia Jesu gjerningar, høgtidene er toppunkt med påska som den største.  
Kvart år får vi ei minning om dette, og det vert mykje lettare å fylgia Jesus gjennom året.



Sett av laurdag 21. mai til  
Walk and Run  
S. 12-13



Me ber for Ukraina og  
Russland



Påske i  
Fusa sokn  
S. 16-17

## FUSA sokn Fusa kyrkjecontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA  
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen  
Tlf. 56 58 01 81  
E-post: post.fusa@kyrkja.no

### Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00  
Prest og organist har fridag måndag.

### Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

### Dagleg leiar/ass. kyrkjeverje

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

### Kyrkjeverje

Kristine Fjeld 41 42 68 59

### Trusopplæring

Norunn Rød Markhus 91 63 77 13  
Eirun Bjotveit Fonneland 94 88 85 06

### Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjøn 97 71 17 23

### Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 97 01 35 94

### Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

### Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

### Kyrkjetenarar

**FUSA KYRKJE** Rianne de Zwarte 46 68 03 96

### STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

### HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

### SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

### SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet  
kan sendast Fusa sokneråd,  
bankgiro: 3530 25 86215  
eller VIPPS #90436

**FUSA KYRKJEBLAD**  
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

**Ansvarleg utgjevar:**  
Fusa sokneråd

**Konto for kyrkjebladet:**  
3530 25 86215

**Bladpengar er kr. 250,- pr. år**  
**Utanbygds kr. 350,- pr. år**

**REDAKSJONSNEMND:**  
Hans Einar Markhus  
Toril Hjartåker Hauge

# Kyrkjebladet 100 år

## 1922–2022 – Del 2

Av Toril Hjartåker Hauge og Hans Einar Markhus

**Andakt av sokne-  
prest Einar Fol-  
lesøy, henta fra  
Fusa kyrkjeblad  
nr. 2 1974**

### Den levande Frelsaren

I fastetida vart vi kalla til å sjå  
Guds lam som bar heimsens synd.  
I tankane fylgte vi han på hans  
lidingsveg og såg den store striden  
han hadde for å frelsa oss. Såg  
vi han rett, so kjende vi ogso trong  
til å segja med nattverdbøna: Deg  
vere æra for kjærleiken som er  
sterkare enn dauden.

Men endå so viktig det er å  
fylgja den lidande Frelsaren, so  
må vi ikkje stana med det. Vi  
må ogso ta imot påskebodskapen  
om at han er oppstaden, han lever.  
For vi har ikkje nok berre med ein  
Frelsar som ein gong levde og som  
ofra seg sjølv for oss. Vi treng ein  
som lever idag, og som difor kan  
koma oss til hjelp i alle freistigar  
og i all naud og fåre. Ein slik  
Frelsar er det Gud har gjeve oss.

For at læresveinane ikkje skulle  
tru at Jesus var borte, og at dei  
no var overletne til seg sjølve, kom  
den oppstadne Herren til dei gong  
etter gong. Han fant dei redde og  
tvilande, men han gav seg ikkje  
før dei vart sterke, glade trusvitne.  
Men slik vil han ogso koma til oss.  
Han vil at vi skal kunna segja med  
gleda: Eg veit at Frelsaren lever,  
og at han er hjå meg kvar dag.  
Slik skal ogso vi få kjenna krafta  
frå hans oppstoda.

E. F.



**DETTE HAR HENDT:**

I 1922 starta sokneprest Søren Hansen Fusa menighetsblad med formåla å forkynna evangeliet, å knyta band til og mellom heimane, og å samla inn pengar til ein gamleheim i prestegjeldet. Nett noko økonomisk gullgruve vart ikkje kyrkjebladet, men det viste seg å vera ei livskraftig kjelde til åndeleg føde og til nyhende om folks liv og virke i bygdene. Så langt i jubileumsforteljinga har det vore dei vekslande sokneprestane som har sete i redaktørstolen, men stadig fleire av soknebarna tok oppfordringa frå dei geistlege og vart med på å forma innhaldet. I denne andre delen av forteljinga skal me sjå om den tendensen heldt seg, og kva dei som styrde meinte lesarane burde få med seg på 60-, 70- og 80-talet.

⑤

## Åsmund Farestveits tid 1963–72

Åsmund Farestveit (1905-86), sokneprest i Fusa 1962-72

Farestveit var blant dei redaktørane som ofta skreiv hovudteksten, dvs. andakten, i bladet sjølv. Stundom møtte lesaren gjesteskribentar, og då ofte kjenningar som biskop Ragnvald Indrebø og svigersonen hans, den tidlegare kapellanen Håkon Hovland.

Hovland hadde i si tid ofte brukt bladet til å ta kyrkjelyden sin med ut i verda. Gjennom artiklar om Ungarn-hjelpa og Ungdomsaksjonen for Berlins flyktningbarn vart den kalde krigen synleg også her. Farestveit tok soknebarna med seg endå lenger vekk: Ut i verdsrommet. Tidstypisk og politisk, det òg, for også romkappløpet var ein del av tevlinga mellom stormaktene. I nest siste nummer av 1969-årgangen kunne folk i Fusa lesa om «*Nattverd på månen*», gjenfortalt etter romfararen Edwin Eugene «Buzz» Aldrin: «*Eg var i stand til å taka imot nattverden på Månen. To veker før måneferda hadde pastor Woodruff halde ei særleg nattverdgudsteneste for oss som skulle til Månen. Etter gudstenesta gav han oss ein liten nattverdkalk som eg fann plass til i månelan-*

*dingsfartøyet, saman med litt brød og vin. Då eg visste at me ville verta på Månen ei stund, tok eg fram brødet og vinen og sette det på eit lite bord framfor datamaskina. Etter at eg hadde bede om radiostille, las eg nokre avsnitt frå Bibelen og tok imot nattverden.»*

Verdssituasjonen lurer alltid i bakgrunnen, og i somme tekstar merkar ein frykta for kommunismen, som når skribenten «Kjell» i artikkelten «*Eit blikk bak jarnteppet*» fortel om kyrkja i Tsjekkoslovakia, men uttrykkjeleg politisk blir bladet aldri. Den overordna rettesnora var enno å knyta band mellom heimane og kyrkja, og i det forholdet er det andre merkedagar som er viktigare enn månelandingar og toppmøte; konfirmasjonsdagane til dømes. Opplysningar om kven som «gjekk for presten» hadde vore fast innslag sidan årgang 1, men dei konfirmantane som fyrst kom i bladet med meir enn namnet, var kulla frå Fusa og Strandvik i 1964.



Konfirmantkappene var sju år gamle då dette bildet vart tatt. Det var Strandvik som hadde vore først ute med det nye plagget. 17. mars 1957 vedtok soknerådet der «å søkja heradstyret om medel til ty, og beda kvinnene i sokni om å sy kappene gratis. Dette i tilfelle det vert fleirtal for saki.» Fleirtal vart det, både blant heradsstyremedlemmene og blant kvinnene, og truleg kom kappene i bruk alt hausten same året. Fyrst sju år etter stod stasen på trykk i kyrkjebladet. Merkeleg lenge etter, kan me synast, men når me blar i årgangane på 50- og 60-talet, oppdagar me kor sjeldsynt denne illustrasjonsforma var i sokne-pressa.

*Klesdrakta kjener også dagens konfirmandar igjen; dei fine frisyrane framstår nok som meir eksotiske, men kanskje hugsar nokre av dykk som levde på 60-talet, korleis ein greidde å få håret så fyldig og flott?*



KONFIRMANTANE I STRANDVIK 1964


Gjentene i 1. rekjkja: Åse Skåthun, Solveig Sørheim, Hildegunn Johansen, Karin Snilstveit, Kjersti Ingeborg Åsvang. (Til høgre soknepresten.)

Attanfor: Evar Maria Haga, Eli Kvåle, Inger Marie Revne, Grethe Sofie Baldersheim, Randi Bårtveit, Berith Mathilde Håvik, Haldis Margot Vestvik, Haldis Vik.

Gutane: Bjørn Vik, Lars Malvin Legland, Harald Helge Revne, Harald Rein, Anton Edvard Haugen, Toralv Huse, Knut Karl Haga, Kjell Hartly Henne, Atle Ingolf Nordbø, Egil Harald Selsvoll.

## Om fotografiets forsiktige inntog i kyrkjebladet

Det var ikkje det at moderne teknologi var ukjent for folk i Fusa. På midten av 1900-talet hang det endeleg portrett av både foreldre og besteforeldre rundt om på stoveveggane, men i kyrkjebladet drygde det før fotografi slapp til. Kanskje var dei ekstra kostnadskrevjande å trykkja, eller kanskje var bladstyrarane lite opptatt av det visuelle? Når den nye bildeforma endeleg blei brukt, vart det heller ikkje framstilt som ein sensasjon. Ganske stillfare stod bladets aller første fotografi der, på side 3 i tredje nummer av 1957-årgangen, og det var verken prest, biskop eller konfirmant som fekk æra av å vera den første å få bildet sitt i blad. Det var ein av soknets mange frivillige medhjelparar, Lauritz Fagerheim (1879–1964).



Lauritz Fagerheim, 1957

Etter 19 års teneste i kyrkja tok han no fatt på «livskvelden», som kapellan Hovland kalla det, og kyrkjebylden gav han ei høveleg gave for det nye, fredelege tilværet: Ein stol.

Noko gjennombrot for fotografiets markerte ikkje portrettet av Fagerheim. I to år låg det som einaste fotografi i kyrkjeblad-arkivet. I 1959 kom eitt til: Ein familie i Hong Kong er avbilda som del av ei oppfordring til å støtta Kirkens Nødhjelp. Fyrst frå 1962 og framover finn ein oftast minst eitt fotografi i løpet av ein årgang, gjerne i samband med sokneprestane sin avgang eller tiltreding.

Også dei høgtidelege konfirmasjonsbilda, som ein skulle tru ville vera noko av det som ville bli nøgnast studert både av unge og eldre leسارar, kom svært spreidd. Forutan dei to fyrste i 1964 finn me i 1966 eit av Strandvik-konfirmantane, og i 1969 eit av dei i Fusa. I 1985 er det trykt ein illustrert reportasje frå konfirmantleiren på Kvamskogen, men det er fyrst frå 1987 det kjem så godt som årvisse fotografi av konfirmantflokkane, - med eller utan kapper, men alltid med tidas moteriktige frisyrar.



⑥

# Einar Gustav Follesøys tid 1972-78

*Einar Gustav Follesøy (1915-98), sokneprest i Fusa 1972-78*

Einar Gustav Follesøy var bladstyraren som fekk vitsar, annonsar og intervju inn i kyrkjebladet. Intervjuet var med Liv Kari Eikeland som i 1976 fortalte om Tensing-stemnet i Skien som ho hadde deltatt på, annonsen var for barnebladet «Kom og se», og bladets første openberre forsøk på å vera ikkje berre morosam, men også sjølvironisk, var dette: →

Ingen av desse nyvinningane beit seg fast i bladet frå fyrste stund. Intervjua vart nokolunde fast innslag fyrst frå 1994, mens reklameannonsar kom for alvor inn i bladet i 1981, i Keilen si tid. Omtrent samtidig fekk også vitsane ein meir regelmessig plass, utan at det dermed er sagt at det var ein samanheng mellom dei to sjangrane.

Også utan det tydelege vitseformatet, hadde Follesøy sitt eige vis med å putta inn meir eller mindre humoristiske innfall hist og her. Han lét til dømes ikkje statistikken over liv og død stå som nøkterne tal, men kommenterte fritt, som her frå 1975:

«Talet på fødde er skremmeleg lågt. Det var 33 i heile prestegjeldet – samanlikna med 72 konfirmandar siste året. Det skulle vel tyda at når dei som no er femti år, skal på aldersheim, då lyt ein få tak i Pakistanarar til å驱ra han. Talet på døpte er heile 60. (Biskopen trur vel snart at vi døyper kvart barn to gonger.) Men talet syner altså at utflutte fusinar gjerne kjem heim og døyper borna sine, og dei skal vera velkomne.»

Ein vits i julenummeret same året har fått den smålåtne overskrifta «Smil – om de vil». Her spør

## Replikk

- Far er ikkje Bibelen Guds ord?
- Jau, guten min.
- Ja, men skal vi ikkje då gje han attende, vi nyttar han ikkje likevel vi.

1973.4

ei konfirmant-mor kor ofte dei må koma til gudsteneste. Presten i vitsen svarer: «Det trengs ikkje at de kjem så veldig ofte. Det skulle klara seg om de kjem ein gong for veka.» Follesøy på si side legg til eit eige, lokalt P.S.: «I Fusa er vi nøgde om de kjem kvar tredje eller fjerde vika, for vi er makedaus kravlause.»

Follesøy før frå Fusa hausten 1978. Mens prestegjeldet venta på ny sokneprest, kom kapellanen på Os, *Per Fimreite* (f. 1939), hit og styrde soknet, inkludert kyrkjelydsbladet. Dei to nummera som kom ut i hans tid, var verken mange eller revolusjonerande nok til eit eige kapittel her, men me merkar oss at det første nummeret i 1978 har mange lokale bidragsytalar og inneheld ein reportasje frå ungdomsklubben i Hålandsdalen, to element som eit par unge økonomistudentar i Bergen hadde foreslått (sjå neste side). Kanskje Fimreite følgde med på siste nytt innan kyrkjeblad-forsking?



## Fusa kyrkjelydsblad blir forskingsobjekt

*Aage Strand og Pål Storrusten. Menighetsbladene i Bjørgvin bispedømme. En undersøkelse av de redaksjonelle, økonomiske og innholdsmessige sider (Norges handelshøyskole 1977)*

Midt på 70-talet vart kyrkjebladet i Fusa gjenstand for forsking. To hovudfagsstudentar på NHH sette seg som mål å kartleggja og undersøkja kyrkjelydsblaða og gje utgjevara-ne korrektiv, inspirasjon og idéar. Dei spurde: «Hva kan gjøres for at menighetens «visittkort» kan fungere best mulig?».

På denne tida fanst det 450 kyrkjelydsblað i Noreg. Våren 1976 sende studentane spør-jeskjema ut til 96 blad i Bjørgvin bispedøme. Fusa kyrkjelydsblad, med Follesøy i sjefsstolen, var blant dei 89 som svarte. Det utgjorde ein svarprosent på 93, noko som tyder på at dei fleste såg verdien av dei unge forskarane sitt initiativ. På grunnlag av svara delte Strand og Storrusten blada inn i grupper. Fusa hamna i gruppa «De tradisjonelle», saman med mange andre blad på landsbygda. Innhaldet i desse blada fordelte seg gjennomsnittleg på følgjande måte: Forkynning fekk ca. 15% av plassen, kunngjeringar 32%, opplysningar av ymse slag 20 %, meningar, t.d. tankar om kyrkje og kristenliv 10 %, dikt 2%. Reportasjar hadde ein liten del av plassen, berre ca. 2%, altså det same som dikt. «De tradisjonelle» hadde også få betalte annonsar, og berre om lag 3% plass til stoff for barn og unge, litt mindre enn gjennomsnittet for blada i Bjørgvin totalt sett. «Tradisjonelt» var det også å ha presten som bladstyrar og hovudforfattar for dei oppbyg-gjelege tekstanane i bladet.

Inntektene fekk dei tradisjonelle hovudsakleg frå bladpengar og gåver, byblada hadde i større grad begynt med innsamlingar og betalte annonsar. Fusa skilte seg ut med enno å ha faste abonnentar. Dei fleste andre var gått over til å senda bladet ut til alle i soknet og håpa på at folk betalte den summen dei bad om, ei ordning som også Fusa kyrkjelydsblad gjekk over til i 1980.

Økonomistudentane ved Handelshøgskulen kom med følgjande forslag til redaksjonane: «En må ha målgruppen klart for seg: Hvem skri-ver jeg for?»

Dei rådde til å bruka reportasjeforma meir, slik at folk vart betre orienterte om kva som skjedde i sokna. Dessutan sakna dei eit breiare spekter av skribentar; «Menighetens egne medlemmer skriver for lite. Kanskje redaksjonen burde provosere mer?» Også meir «småstoff» ville heva blada, trudde dei. «Særlig illustrasjoner og lett forkynnelse er det behov for.»

Skal tru om redaksjonen til Fusa kyrkjelyds-blad fekk med seg resultatet av undersøkinga, og om dei i så fall brydde seg. Lat oss ha augo opne for om nokre av råda vart tatt til følgje.



7

# *Odd Hilmar Keilen si tid*

## 1979–84

*Odd Hilmar Keilen (1925-2011), sokneprest i Fusa 1979-94*

Noko av det som kjenneteiknar denne femårsbolken, er spennvidda i bladets tekstar. Lesarane møter skjonne, bjartsynte dikt frå Barneforeininga Tiriltunge:

*Torsdag er dagen vi samlast hos presten,  
då kjem heile Fusa, nesten.  
Vi lodder ut og sender penger,  
for det er det Misjonen trenger.*

Linda S. 9 år

1981.1

og dystre åtvaringar som denne:

### Eit skip---

synk ikkje fordi det går  
i vatn. Men kjem vatnet  
inn i skipet, synk det.  
Slik er det også med ein  
kristen i denne verda. Han  
går ikkje under fordi han  
er i verda. Men gir han  
verda rom i hjartet, vil  
han ta alvorleg skade og  
gå fortapt.

1979.3

I det heile verkar mangfold å vera eit mål for redaksjonen tidleg på 80-talet, og folk vart oppfordra til å ta bladet i bruk på på nær sagt alle moglege måtar: «*Ta gjerne med småmeldingar om arbeidet på lokalstaden din. Eller om du vil ha inn artiklar, vers, prolog, eller meiningar, meldingar om noko som er beramma osb. Det er så mangt og mykje som kan koma på tale. Kanskje det er ein gammal robåt eller du ynskjer ein brukt vevstol som du vil kjøpa. Så vert det også som eit bygdeblad i kyrkjelydsbladet.*» 1982.2.

To nummer etter dei tankefulle orda om skipet, står den tullete Hålandsdals-regla på trykk. Det vil seia, me *går ut ifrå* at verset er meint som skjemt; dersom det skal takast på alvor, vert også det som står der, ein smule nedslåande. Regla karakteriserer folk og gardar i Hålandsdalen og Fusa sokn, og skildringane følgjer ikkje alltid god takt og tone. Verset finst nedskriven i minst tre variantar; den versjonen som er trykt i kyrkjebladet, er den nest lengste. Opphavsmannen skal vera Tombra-Mikkjelen (1793-1871) som budde på Tomraträ. Underleg nok er ikkje hans eigen heimstad nemnd blant dei 41 gardane, og endå merkelegare er det at han gifta seg med ei kvinne frå Kjønn, for «der får dei ikkje gryta te sjoa». Hålandsdals-regla

### Hålandsdals — regla

Tveita ligg så langt i nord  
på Brathus er det ei skrapa jord.  
Øvre - Bolstad har så høge reina,  
på nere - Bolstad er det sjeldå heima.  
Orra er flatt, og Berge er bratt,  
på Kleivo betalar dei aldri skatt.  
På Tveitnes blese da alltid så kaldt,  
i Stø har dei ikkje julamalt.  
Øyero fell i namnet vekk,  
Berland mest som slept or sekk.  
Frå Åse stig det så svart ein røyk,  
på Solås har dei alltid så gammal øyk,  
Teigland skodar alle på,  
til Fureneset berre så vidt me kan sjå.  
Luren ligge ikkje gøynt,  
men Ospeneset er nesten gløynt.  
Eide ligge i allfararieie,  
Nerhovda ligge så langt ute på leie.  
Gjøn har så fine born,  
Nese har dei så lite korn.  
Hammaland ligge innonde ein nut,  
og Heihiller er ferdig te ramla ut.  
På Berhovda gjere dei både glytte og skoda,  
og på Kjønn får dei ikkje gryta te sjoa.  
På Håland brenne dei braken den harde,  
på Haugarvoll er dei så snape og snare.  
På Holdhus er dei som tynne tappar,  
I Haugen er dei så snedne katta.  
På Ragnhildstveit mele dei,  
på Skjelbreid stele dei,  
og i Vikane går hondane med beitsle.  
Kongen i Vaulen og herren på Træ,  
Gassgjevaren i Osen og Bakken føle med.  
Koldals komle og Lunderviks dromle.  
Hellands kila og Hausgårds strila,  
og på Kvåle ete dei ei merr i målet.

av Tombra, Mikkjel.



Private kjøp- og sals-annonsar finn me lite av, trass i det generøse tilbodet frå redaksjonen, men også profesjonelle aktørar vart det opna for no, og litt etter litt vart lysingane deira til faste innslag.

Eit bortimot eksistensielt spørsmål:

## Reklame eller ikkje reklame?

**KOM OG SE**

Bladet for jenter og gutter fra 6-14 år

**DET NORSKE MISJONSELSSKAP**  
Bladavdelingen  
4000 STAVANGER

Send KOM OG SE i ett år 25,— til:  
Navn \_\_\_\_\_  
Adresse \_\_\_\_\_  
Postnr. \_\_\_\_\_  
Fores. \_\_\_\_\_  
Send \_\_\_\_\_  
  
5677 Nord

**HÅLANI FJEL**  
Leirskole  
Kur  
Tlf. 5640 Eikelandsosen

Nærbutikk  
**NESETS HJ**  
Ass. La.  
Tlf. 82170 -

**H. & E. N TRÆVARE SKIBSI**  
Tlf.  
5677 Nord

**Vestlandske Limtre %**  
Tlf. 82800  
5648 Holmefjord  
Limtre — Takstolproduksjon

**Bli fast tingar på MIDHORDLAND!**

— lokalbladet for Os og Fusa

So enkelt er det å bli abonnent på «Midhordland»:  
Fyll ut tallongen nedanfor og send han til oss, so sender me postgiroinnbetalingsblankett i posten. Ein kan og betala kontingenent direkte på postgirokonto nr. 35 15 97 eller bankgirokonto nr.

8470.20.00113, men hugs då å skriva NY på blanketten.  
Årsabonnement: 50 kroner.  
Halvårsabonnement: 27 kroner.  
Tillegg for flypostsending utanom Europa.  
Til Bladet «Midhordland»,  
5200 Os (Tlf. 27 77 60)

Ny abonnent:  
Namn: \_\_\_\_\_  
Adresse: \_\_\_\_\_  
Om det er eit gäveabonnement, so fyll ut kven som skal betala det her:  
\_\_\_\_\_

Midhordland tar vår prekenliste gratis, så vi vil gjerne giava dei ei gratis annonse. E. F.

TØRSKJING

MOBILSTASJONEN KILEN & TOMBRE Bilverkstad  
Tlf. 85180 — 5633 Mundheim

Desse var dei to første reklameannonsane i Fusa kyrkjelydsblad. Dei kom alt midt på 70-talet, og førebels var det ikkje snakk om noko inntening for bladet. I alle fall Midhordland-annonsen var gitt vekk, som gjenytting for at soknet fekk ha sine kyrkjetider kostnadsfritt i lokalavisa.

Då bladet i 1980 gjekk over frå abonnement til fulldistribusjon og frivillige bladpengar, vart det meldt at det ynskte å ta inn lysingar. Året etter hadde tjue verksemder meldt seg, og bladet kunne smella til med denne dobbelsida. 1981.2

<b>Kristian Rein Landhandel</b> Ass. Landhandel — fører også alt i plastør for jordbruks- og bygg. Tlf. 82133 — Skjersand 5670 Fusa	<b>FUSA SPAREBANK</b> Tlf. 82270 — 5670 Fusa Avd. 5640 Eikelandsosen
<b>Sagbruk — Trelast — Snekkeri</b> Byggevarer <b>AGNAR SKÅTUN</b> Tlf. 82235 — Vinnesleiren 5670 Fusa	<b>FUSA AUTO A/S</b> Aut. Bilverksted Lakkering — Bensin Tlf. 82286 — 5670 Fusa
<b>BRØDRENE EIKELAND</b> Ass. Landhandel Tlf. 81 245 5640 Eikelandsosen	<b>A/S FUSA BETONG INDUSTRI</b> Ordretelefoner 81 310 - 82 932 5640 Eikelandsosen
 Produsent av fritidsmøbler <b>FUSA TRE-MILJØ A/S</b> Tlf. 81 240 5640 Eikelandsosen	<b>BENSIN &amp; BILSERVICE</b> SHELL Bensinstasjon Tlf. 81 271 5640 Eikelandsosen
Lenestolfabrikk Prod. av Salonggrupper <b>EINAR BJAANES</b> Tlf. 81 188 5640 Eikelandsosen	Fiskeoppdretsanlegg <b>BOLAKS A/S</b> Tlf. 81350 5640 Eikelandsosen



Mykje skjer i næringslivet på førti år, men om lag ein tredjedel av desse held enno koken som verksemder, og er i skrivande stund faste annonsørar i bladet. Noko samanhengande forhold over dei fire tiåra har det imidlertid ikkje vore; reklamens historie i kyrkjebladet er nemleg prega av både rykk og napp.

Dobbelsida frå 1981 heldt seg berre i eitt års tid. Deretter følgde nokre år der einaste annonsar frå frivillige og offentlege organisasjonar og institusjonar som Kirkens nødhjelp og Fusa folkebibliotek presenterte seg. Smått om senn kom kommersielle aktørar tilbake, først Sparebanken Vest som gjennom heile 1985-årgangen kunngjorde bankbuss-ruta på bladets siste side.

Utover -80 og 90-talet kom det til nye annonsørar som alle hadde éin ting til felles. Det var ikkje at dei var lokale, slik dei hadde vore for annonsørane på 1981-dobbelsida, men at dei dreiv kyrkje-relevante verksemder. Det gjeld forlaget Verbum, Vestlandskes bokhandel, avis Vårt land, Barnas søndagsskuleblad, reisebyrået Fokus reiser, som spesialiserte seg på turar til Israel, samt fleire gravferdsbyrå og produsentar av gravmonument.

Av dei annonsørane som ikkje var spesifikt knytt til kristen tru, var det Sparebanken Vest som kom fyrst attende. Etter ein 10 års pause dukkar dei opp att i 1996-årgangen.

Seks år seinare, i 2002, er bladet tilbake i 1981-stilen: Ei heilside med lokalt ankra annon-

sørar. Sidan den tid har lysingar frå næringslivet utgjort nesten halvparten av inntektene til bladet.

Lat oss til sist heva blikket frå Fusa og sjå korleis andre kyrkjeblad svarte på det prinsipielle og praktiske spørsmålet om reklame.

I Sverre Barstads bok Menighetsblad i Norge (1935) finn me at fleire kyrkjeblad trykte reklameannonsar alt frå 1920-talet av, rett og slett for å halda liv i seg. Heilt frå den tid synest det å ha vore diskutert i redaksjonar landet over om det tente blada å ta inn kommersielle annonsar, eller om det var å selja seg og bli avhengig av ytre aktørar. Ifølgje undersøkinga til Strand og Storrusten i 1977 hadde storparten av kyrkjeblada i Bjørgvin bispedøme kome til at det alt i alt var ein føremon å ta imot støtte frå næringslivet på denne måten. I gjennomsnitt gjekk om lag 7% av spalteplassen til betalte annonsar, mest i byblada. Somme blad, særleg dei i Sogn og Sunnhordland, hadde ikkje reklame i det heile.

Heller ikkje Fusa hadde inntekter frå annonsar på den tida, men opna altså opp for det eit par år etter, i 1980. Nokon høglydt diskusjon for og imot reklame var det ikkje teikn til her, men den varierande mengda av annonsar speglar av kor stort fokus sokneråda til ei kvar tid hadde på å skaffa annonsørar, og kva type firma dei vende seg til, - eller kva firma som sjølve tok kontakt med bladet.

I byrjinga av denne delen spurde me om alminnelege fusingars medverknad i kyrkjebladet auka frå 60-talet og framover. Sjølv utan å ha rekna ut prosentvis fordeling av spalteplass mellom lek og lærð, vågar me å svara «Ja» på det. Iaugefallande er det også kor stor variasjonen blant bidragsytrane er blitt på byrjinga av 80-talet. No er det ikkje lenger berre vaksne, faste kyrkjegjengjarar som set

spor etter seg i bladet, men også barn i småskulealder, konfirmantar og lokale firma.

*I neste nummer skal me sjå korleis det gjekk då soknepresten trådde til sides, og bladnemnda overtok styringa. Fekk det dramatiske følgjer?*



Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

**L. HJERTNES AS**



Hjartnes 30 - 5646 Nordtveitgrend

Tlf.: 96 92 46 50

post@lhjertnes.no

[www.lhjertnes.no](http://www.lhjertnes.no)

Nær  
Butikken

**P. H. Haugen**

**Landhandel - Sævareid**

**tlf. 56583110**

e-post:

[narbutikken.severeid@narbutikken.no](mailto:narbutikken.severeid@narbutikken.no)

VESTLANDSKE LIMTRE  
INDUSTRI AS

1642 BERGENFJORD  
Postnr. 56 85 07 00  
Telefon: 56 58 07 01

Spesialist på trekonstruksjoner  
Limtre – beslag – takstoler - takverk

[post@vlimtre.no](mailto:post@vlimtre.no)

[www.vlimtre.no](http://www.vlimtre.no)

**Fusa**  
**Ferdigbetong as**  
5640 Eikelandsosen



Betongpumping - ferdigbetong  
sand - singel - grus  
transport - maskinarbeid  
betongprodukter m.m.

**Tlf. 56 58 13 10**

Mobil 913 65 482 / 951 87 421

E-post: [post@fusabetong.no](mailto:post@fusabetong.no)



MALERMESTER  
ALF HJELLE & SØNN AS



Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

FARGERIKE  
HJELLE

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00  
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880

E-post: [firmapost@alfhjelle.no](mailto:firmapost@alfhjelle.no)

**SPAR**

**Fusa**

**8-21**

**9-20**

**Tlf. 56582133**

[spar.fusa@spar.no](mailto:spar.fusa@spar.no)

**Velkommen til hyggelig  
handel hos Spar Fusa!**

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,  
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

**B** TLF 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766  
**BERGE ELEKTRONIKK**

Opningstider: Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15



**Eide**

**STRANDVIK**  
Transport og Maskin AS  
\* 5643 STRANDVIK strandvik.no dulten@online.no  
\* 56 58 21 11 918 44 000 900 12 126 918 18 592

**Norheimsund**  
TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A  
5600 Norheimsund

Tlf. 97 59 24 88  
[post@nhstrykk.no](mailto:post@nhstrykk.no)

Alt i trykksaker

**FUSA AUTO A/S**  
**BILVERKSTAD**



**Fusa Auto AS**

Opsalneset 20, 5641 Fusa

Tlf. 56 58 22 86

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



[www.meca.no](http://www.meca.no)

**MECA**

**BYGGADMINISTRASJON**  
**Harald Bjørndal a.s.**

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30

Tlf. privat: 56 58 51 19

Telefax: 56 58 11 99

Mobil: 970 63 526

E-mail: [post@byggadmin.no](mailto:post@byggadmin.no)

Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSEN



# BUNNPRIS

Eikelandsosen

Man - fredag 8-21

Laurdag 9-20

Tlf. 56581245

bpeikelandssosen@bunnpris.no

## Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post [havard@solheimelektr.no](mailto:havard@solheimelektr.no)

**www.solheimelektr.no**

*Fusa og Samnanger*  
GRAVFERDSBYRÅ  
OMSORG VED LIVETS SLUTT  
DØGNÅPEN TELEFON  
56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO  
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRITT TIL VÁRE SEREMONIER  
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLOMSTER.NO  
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Vi er til hjelpe  
for deg og de  
nærmeste i tiden  
etter at en nær  
slektning eller  
venn har  
gått bort.

Du skal vite at  
du kan kontakte  
oss når som helst,  
dag eller natt. Vi  
har alltid tid til å  
hjelpe deg!

En verdig og  
trygg avskjed



BJØRNAFJORDEN  
GRAVFERDSHJELP

Amfi Os (inn 5. øverste etg.) | Telefon 56 30 50 00  
E-post [post@bjornafjordengravferdshjelp.no](mailto:post@bjornafjordengravferdshjelp.no)



## Tombre

[www.tombre.no](http://www.tombre.no)

REISENE BESTILLER  
VI HOS:

## TRAVELNET

### OS REISEBYRÅ AS

2. etg. Flåten Amfi - kotoravdelingen

Tlf.: 56 30 43 00

e-post: [os@travelnet.no](mailto:os@travelnet.no)

[www.verden.no](http://www.verden.no)

Følg oss på Facebook



## Tønnegarden

HANDVERKTRADISJONAR  
FRÅ BJØRNAFJORDEN



Samnøyvegen 60 - 5642 Holmefjord - Tlf. 91 99 30 40  
[post@tonnegarden.no](http://post@tonnegarden.no) - [www.tønnegarden.no](http://www.tønnegarden.no)

PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:

- sjå handverkarar i arbeid
- oppleve kultur og historieformidling på nært hold
- bestille selskapslokale, kurs og møtelokale

Følg oss på facebook og instagram.

## Sparebanken Vest

avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med  
forsikring, lån,  
sparing og plassering.

## VI ER HER

[www.spv.no](http://www.spv.no)



## Hordaland A/S Rørteknikk



56 58 09 90

[hordalandrortechnikk.no](http://hordalandrortechnikk.no)

post@hrt.as

Holsundvegen 285

5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk  
leverandør.

Godkjent lærebodrift i rørleggerfaget.

Besök vår heimeside  
[www.fusa-kraftlag.no](http://www.fusa-kraftlag.no)

Din lokale kraftleverandør

## Stroyma

Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSOSEN

Tlf. 56 58 00 20

## SPAR

### Eikelandsosen

Opningstid

8-21

Laurdag

9-20

Tlf. 56 58 00 90



5643 STRANDVIK

Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: [post@leiglandbygg.no](mailto:post@leiglandbygg.no)  
[www.leiglandbygg.no](http://www.leiglandbygg.no)



# Bli med på Walk and Run 2022

Du kan gje ei gåve allereie no til Walk and Run.

Gåver frå kr. 500,- gjev rett til skattefrådrag.

Fusa sokneråd sin bankkonto:  
3530 25 86215. Merk "Etiopia".  
Vipps Fusa sokn - #699949.

Takk for di støtte!

## Alle kan vere med!

Er du liten eller stor, gammal eller ung, bruker rullator, rullestol eller anna hjelpemiddel for å bevege deg, eller treng ei arm å halde i - her er alle velkomne til å vere med. Du kan bevege deg, gå eller springe i eige tempo. Fellesstarten vert ca kl.13.45. Her kan ein ta ein runde eller fleire rundar – dette avgjer du sjølv. Løypene er flate, og dei er på høvesvis 200 meter og 500 meter. VI SKAL HA DET FINT I LAG! BLI MED!

## Greier vi å hjelpe 50 barn?

Brannskadde born er eit stort helseproblem i mange afrikanske land, m.a. i Etiopia. Bruktbuo, Fusa frivilligsentral og Fusa sokneråd har forplikta seg til å samle inn midlar slik at mange born kan få ein ny start i livet.

Gjennomsnittskostnaden med å hjelpe eit brannskadd barn er kr. 10.000,-. Då treng vi til saman om lag kr.500.000,-. Det er eit ambisiøst mål. Vi treng verkeleg di hjelp! Men med eit stort engasjement og samarbeid med næringsliv, lag/org, skular/barnehagar, kommune og ikkje minst enkeltpersonar – er vi optimistiske.

## Inntekter – Sponsorar - Startkontingent

I dette storarrangement handlar det også om å skaffe inntekter. Vi oppmodar alle om å skaffe seg eigne sponsorar blant venner og familie som er busette både i kommunen og utanfor. Du informerer sekretariatet om kva sponsorar du evt har skaffa. Viss du ikkje ønskjer å ha sponsorar, er del-

## LAURDAG 21. mai 2022

kl. 12.30-15.00

### Tusenårspllassen Eikelandsosen v/Fjord'n senter



takaravgifta kr.100,- for vaksne og kr.50,- for barn. Familiar: kr.300,-. Du kan også vippse eller betale direkte inn på gåvekontoen. Sjå informasjon øvst på sida.

## Vil du lage eit lokalt arrangement? Vil du gje ei gåve?

Viss du vil gjøre noko i ditt nærmiljø til inntekt for brannskadde barn og du vil ha bilet og anna informasjon frå oss, ta kontakt med kyrkjekontoret eller Fusa frivilligsentral. Vi hjelper til.

Nokon har hatt bursdagsfeiringar der inntekter har gått til brannskadde barn i Etiopia. Sei i frå om du ynskjer å gjøre noko slikt og ynskjer informasjon.

Det har ved utgangen av februar allereie vore minst eit arrangement, og vi har fått beskjed om at det er kome inn om lag kr.10.000,-. Vi har også etablert kontakt med nokre verksamder, og vi vil ta kontakt med fleire. Her har vi også fått lovnadar om pengegåver. Bjørnafjorden kommune har løyvd kr.25.213,- (kr.1,- pr innb.). Det er flott at kommunen også i år bidrar til dette viktige arbeidet med å hjelpe brannskadde barn. Og hugs for kvar gong vi passerer kr.10.000,- hjelper vi eit brannskadd barn til å få ein ny start i livet! **Det er summen av mange små og store gåver som gir resultat!**

## PROGRAM FOR WALK AND RUN LAURDAG 21. MAI:

- |       |  |
|-------|--|
| 12.30 | Musikk   |
| 12.45 | Velkommen – diverse gjester  |
| 13.00 | Bedriftsstafett  |
| 13.15 | Trillebårløp   |
| 13.20 | Helsingar  |
| 13.30 | Song/Musikkinnslag   |
| 13.45 | Fellesstarten  |
| 14.15 | Kåring av eldste og yngste deltakar – andre overraskinger til deltakarar |

Det vert jobba med fleire spennande aktivitetar og innslag – for både born og vaksne. Alle deltakarane får ei helsing. Bruktbuo sine folk ordnar med forfriskingar. Bruktbuo er også open heile denne laurdagen.

Det kjem truleg endringar i programmet. Detaljert informasjon kjem i lokalavis og sosiale media i forkant av arrangementet.

Arrangør: Fusa sokneråd saman med Fusa frivilligsentral og Bruktbuo.

## Ta kontakt om du har spørsmål eller ynskjer informasjon

Fusa kyrkjekontor: post.fusa@kyrkja.no – tlf.56580181

Fusa Frivilligsentral: fusa.frivilligsentral@kyrkja.no – tlf.920 93 716

Koordinator for Walk and Run/Frivillig: Harald Geir Sæther:  
haraldgeir@yahoo.no – tlf 416 62 090



## Hilsen til alle i Fusa sokn frå Lillian-Rose og Einar

### Kjære alle gode venner i Fusa

Det har nå gått ei tid siden sist vi var i Fusa til Walk and Run. Nå har vi forstått at det blir et nytt arrangement i Fusa lørdag 21. mai 2022. Vi gleder oss til å bli med dere denne lørdagen. Først og fremst ser vi fram til å møte den enkelte av dere, og takke dere for all støtte dere har bidratt med gjennom 2021. Støtten fra Fusafolket betyr mye for vårt arbeid med de mange som kommer til oss i håp om å få medisinsk hjelp for sine sår og smerter. Så vil vi bli med dere lørdagen i mai og takke for at dere nok et år har latt dere engasjere for at flere barn med invalidiserende plager skal få hjelp.

Lillian-Rose og jeg kom tilbake til Addis Abeba om morgenens, lørdag 26. februar. Vi ser fram til å fortsette arbeidet med de barna som vi har liggende på avdelingen og flere som vi vil motta i dagene som kommer.

Vil gjerne fortelle om Jamilla på 8 år. Hun kommer fra sør Etiopia, rundt 5 timers kjøring fra Addis Abeba. I august 2021 var hun svært uheldig da kjolen hennes tok fyr i forbindelse med kokking over det åpne ildstedet i hytta. Hun fikk en stygg 3. grads forbrenning på rundt 35% av kroppsoverflata, med store sårflater på begge bein, sete og rygg. De første ukene ble hun liggende på

samarbeidsavdelingen vår ved Arba Minch Hospital sør vest i Etiopia. Vi utførte den første operasjonen på henne der.

Grunnet begrensa ressurser, flyttet vi Jamilla over til avdelingen vår i Addis i oktober 2021 hvor operasjon 2 ble gjennomført.

Nå gjensto det enda et inngrep før alle sårene kunne dekkes.

I begynnelsen av november måtte vi plutselig forlate Etiopia grunnet den tiltagende uroen i landet. Norsk UD oppfordret på det sterkeste alle nordmenn til å reise fra Etiopia, og vi måtte innfinne oss med det.

Det ble likevel en mulighet for meg å reise til Etiopia 12 dager før jul i fjor. Jeg fikk da operert Jamilla enda en gang og fikk dekket alle sårene.

Jamilla kom seg fort til krefter da alle sårene var tilhelet. Vi var alle glade da Jamilla og hennes storesøster kunne reise tilbake til landsbyen i midten av januar 2022. Det ble gjort stor stas på Jamilla da hun endelig var tilbake hos sine egne, nesten 5 mndr etter skaden, med full førlighet i begge bein.

Gode hilsener fra Lillian-Rose og Einar



Godt med trøsten fra mor.



Medtatt etter 2. operasjon.



Det ble mange turer i rullestolen på sykehuset i Addis sammen med Sr Yodit mens hun tålmodig ventet på at siste operasjon skulle gjennomføres

## HJELP TIL UKRAINA!

Fusa sokneråd og Fusa frivilligsentral er også engasjert i innsamlingar til flyktningar i Ukraina. Mange organisasjonar samlar inn. Vi nemner nokre organisasjonar som vi veit det er engasjement kring her lokalt, men dei fleste større hjelpeorganisasjonar har innsamling til dette arbeidet. Vi oppmodar framleis folket om å støtte det viktige flyktningearbeidet.

Kirkens Nødhjelp

-Vipps 2426

- bankkonto 1594.22.87284

Lions Norge (Fusa)

-Vipps 617792

- bankkonto 9001.23.04381

Familiehjelpen Ukraina

-Vipps 63937

- bankkonto 1503.70.35456



## Noah

Friluftsklubben Noah, for gutter 5.-8. klasse, har aktivitet desse datoane resten av semesteret:

- 25/3:** Mesternes Mester (oppmøte Indrebø)
- 22/4:** Politi og tjuv/evt. andre leikar, Klenaneset ved Vengsvatnet
- 21/5:** Noah bidrar på "Walk and run" på Fjord'n senter.
- 11-12/6:** Semesteravslutning med overnattingstur til Kikedalen

Alle arrangementa bortsett frå overnattingsturen og "walk and run" startar klokka 18.00 og varer til 20.30.




## Nytt piano i Hålandsdal kyrkje

Eit nytt piano til Hålandsdal kyrkje er under produksjon i Tyskland og blir levert i slutten av mai månad. Det er eit August Förster 125 G cherry som er bestilt – eit fantastisk flott instrument. Initiativet kjem frå bygda, og pianoet til ein verdi av kr. 250 000,- blir gjeve som gåve til Fusa sokn og Hålandsdal kyrkje av Bjørnafjorden utbygging og Eide Fjord-bruk. Ein stor takk til gjevarane frå alle som får nyta tonane frå dette flotte instrumentet under forskjellige arrangement i kyrkja vår. Dette opnar mellom anna fleire moglegheiter til nye konsert-opplevelingar i kyrkja, og først ut er jazz-konserten med Karin Krogh og pianist Morten Gunnar Larsen fredag 3. juni. Det blir ei flott innviing av det nye pianoet!



## EIKELAND HAGEFIKS

GJER JOBBEN SOM DU KVIR DEG TIL



TUNGT, VANSKELEG, UTSETT I ÅREVIS?  
TRE SOM SKUGGAR FOR SOLA DI?  
KRATT SOM STADIG VEKS? HUMPETE PRIVAT VEG?  
SPREK SENIOR EX BONDE HJELPER DEG  
ARBEID MED TRAKTOR, VINSJ, MOTORSAG, RYDDESAG  
RYDDING AV SKROT TIL MILJØSTASJON  
TREFELLING, TRANSPORT, VEGVEDLIKEHALD, SLÅTT,  
FØREHANDSPRIS ETTER SYNFARING  
MVA REG FIRMA  
TA EIN TELEFON TIL 95281866 DET ER GRATIS!  
OG DU VERT KVITT EIT PROBLEM 😊

## Open kyrkje i Strandvik

Kvar tredje tysdag i månaden (med unntak av mai, då fell nasjonaldagen på den tredje tysdagen) vil Strandvik kyrkje vere open frå kl. 19:00 til 20:00. Ein kan tenne lys eller berre sitja stille i ein benk og høre på musikk framført i ulik storleik og fasong. Fram til sommaren er datoane slik:

**19. april**  
**21. juni**

Fylg elles med i lokalavisa og på soknet si Facebookside.



## Fusakalenderen 2023

Det er heldigvis ei stund til vi skriv 2023, men p.g.a. at temaet for kalenderen for 2023 er «Vår i Fusa» nemner me det allereie no. I tida me er inne i no kan vera ei anledning til å ta nokre gode vår-bilete og bli med på Foto-konkurransen om å få pryda Fusakalenderen for 2023. Send inn blinkskot som passar til temaet «Vår i Fusa» til post.fusa@kyrkja.no innan 1. oktober. Premien er kr. 3000,-





Hosianna H.C. Andersen


På ein av Fusa-skulane hadde elevane den siste veka før påskeferien lært om den kristne påska i kristendoms-timane. I norsk-timane den same veka handla det om H.C. Andersen sine eventyr, og det gjekk litt i ball for vesle Berit når ho med stor innlevelse skulle fortelja om Jesus inntog i Jerusalem på palmesøndag:

....«Og då Jesus kom ridande på eselfolen ropte folk begjæstra: H.C. Andersen! H.C. Andersen»

# KONSERT

## HÅLANDSDALEN KYRKJE

### fredag 3. juni kl. 19:00.



Det vert innviing av nytt sponsa konsertpiano.

Billettpris: kr 350,-.  
Førehandssal hjå Olaug Bjørndal, tlf. 482 61 757 - ring eller send melding.Vipps.

Arr.: Fortidsminneforeningen, Bjørnafjorden lokallag og Fusa sokn

TIPS: 3 rettars middag – Floren Mat og Kultur, Eidegrend Klyngjetun – før eller etter konserten.



FORTIDSMINNEFORENINGEN

Os Gravferdsbyrå as

Døgntelefon

**56 57 49 50**

Jorunn Moberg

Agnetha Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)

DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma

**joker**

STRANDVIK

MAN-FREDAG 09.00 - 19.00

LØRDAG 09.00 - 18.00

**TLF. 56 58 48 12**

**Malerfirma**  
**Kenneth Samnøen**  
5640 Eikelandssosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering



**Tlf. 90 80 15 38**

**HERBALIFE  
ERNAÆRING**

Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI!  
Spør etter gratis prøvepakke,  
uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: famgang@fusi.no

<https://signeg.goherbalife.com/nm-no>

Prosjektering  
Rehabilitering  
Nybygg

TA KONTAKT MED

**BYGGMESTER**  
**SVENN C. STORUM**

**951 56 327** storum@fusi.no



# Vi feirar påske i Fusa

## FREDAG 1.APRIL

Velkommen til **undervisning og sabbatsmåltid** med temaet «**Jesus i påska**». Me får besøk av Maia Inbar, som arbeidar for «**Jews for Jesus**» i London. **Eikelandsosen bedehus fredag 1. april kl. 19.00.**



## PALMESØNDAG, 10.APRIL

Jesus var ofte i Jerusalem for å feire påske. Men denne påsken skulle bli annleis, og det visste han. Først skulle søndagen før påske markerast. Jesus bad disiplane finne eit esel til seg. Så sette han seg på dette eselet og rei inn i Jerusalem. Folket hylla han som ein konge og ropte «Hosianna, kongen vår er komen!» Dei la kapper og palmegreiner på vegen framføre han. Me feirar denne dagen som palmesøndag, og den feirar me i lag med barnelaget Songbuketten på **familiegudsteneste i Sundvor kyrkje, palmesøndag 10. april kl. 11.00.**



## SKJÆRTORSdag, 14.APRIL

Lærersteinane og Jesus samla seg for å ete påskemåltidet, som var og er vanleg skikk for jødane. Ved inngangen til måltidet vaska dei alltid føtene, noko som var naudsynt ettersom dei brukte opne sandalar i ørkenstøv og skit og låg ved bordet når dei skulle ete. Det var tenrarar som til vanleg vaska føtene til dei som skulle ete, men denne dagen gjorde Jesus det på alle lærersteinane. Han vil at vi skal tene kvarandre på same måte. Skjær betyr rein. Jesus reinsar oss og gjer oss reine med sitt blod, sin død for oss, og tilgjev oss all vår skuld. Litt uti måltidet braut Jesus brødet og delte vinen. Han bad oss å gjere det same, til minne om det som skulle koma: Jesu død



på korset, Jesu offer for oss. Vi markerer dette måltidet til liv og fellesskap med **nattverdsgudsteneste i**

**Strandvik kyrkje, skjærtorsdag 14. april kl. 19.00.**



**Heil Guds Lam som bærer Verdens Smid.**  
Joh. 1, 29.

### LANGFREDAG, 15. APRIL

Jesus blir dømd, krossfest, dør og blir lagt i grava. Under Langfredagsgudstenesta vert det kvart år lese lidingssoga frå eit av dei fire evangelia. I år er det lidingssoga etter evangelisten Johannes sin tur. **Langfredags-gudstenesta vert i år i Sæva-reid kapell, 15. april kl. 11:00.**



### PÅKENATT, 16. APRIL

På trass av at Jesus si grav blir stengd med ein stor stein og vakta nøye, hende likevel det som Gud hadde planlagd skulle skje: «Dette er natta då Kristus braut dødens lekkjer, og sigrande stod opp frå dødsriket». Alter-tavla i Hålandsdal kyrkje lyser mot oss, med ein sigrande Jesus som har overvunne døden. Me feirer overgangen frå døden til livet i ei gudsteneste med a-capella sang og stearinlys, skriftlesing og andakt. **Hålandsdal kyrkje, påskeaftan 16. april kl. 23.00.**

### PÅSKEDAG, 17. APRIL

Og sjå; steinen var rulla vekk og grava var tom. Jesus er stått opp, ja han er sannelig stått opp! Det er fest i kyrkja når me feirar at Jesus har stått opp frå døden og lever mellom oss no. Påskedag og det som skjedde då er opphavet til kristen tru og gudstene-stefeiring. Me feirar med **festgud-steneste i Fusa kyrkje, påskedag kl. 11.00.**

### 2. PÅSKEDAG, 18. APRIL

Etter Jesu oppstandelse viste han seg for læresveinane og fleire andre. Det vil han gjera for menneska i dag òg. Gud er synleg på fleire forskjellige måtar, t.d. i naturen. Denne dagen feirar me med **fri-luftsgudstenste ved Hafskor-vatnet kl. 12.00.**



# Konfirmantar i Fusa sokn 2022

## Konfirmasjonsdatoar i Fusa sokn våren 2023:

- Laurdag 29. april:** Strandvik kyrkje  
**Søndag 30. april:** Hålandsdal kyrkje  
**Laurdag 6. mai:** Fusa kyrkje  
**Søndag 7. mai:** Sundvor kyrkje

**Er du 50- eller 60-års konfirmand i ei av Fusa-kyrkjene i 2022 og ynskjer å markere det?**

Ta kontakt med kyrkjekontoret så hjelper me til med å finne ei gudsteneste der dette kan markerast særskild.

### Sundvor kyrkje laurdag 30. april

Joakim Frøyseth Gjøn  
 Nicolai Bergesen  
 Paul Gavin Hauge  
 Vilde Rolland Vik

### Fusa kyrkje søndag 1. mai

Adelen Eira Mikkelsen  
 Anders Røssland Håvik  
 Andreas Lundervik  
 Bjørnar Boge Eriksen  
 Helge Lu Hope  
 Henrik Aadland Nesheim  
 Jørjan Næss Boge  
 Kjetil Nesbø  
 Lars-Olav Solheim  
 Mads Sagstad-Hjelle  
 Mariell Boge  
 Norah Hjartnes Skåtun  
 Svein Almås-Opheim  
 Sverre Samnøy Olsen  
 Tony Lund Øksnes  
 Vegard Rosvold

### Strandvik kyrkje laurdag 7. mai

Anna Sørheim  
 Celina Henanger Stigen  
 Elias Haugen Vindenes  
 Emma Malén Hauge Grindheim  
 Fride Sofie Bjørndal Milde  
 Helena Vindenes Tuft  
 June Nathalie Tveit  
 Oliver Bergheim  
 Silje Vik

### Hålandsalen søndag 8. mai

Ada Emilia Tveitnes  
 Aleksander Haga Gjøen  
 Alexander Åsvang Rød  
 Alexander Waage Nybø  
 Amalie Nilsen  
 Anna Skjelbreid Poirée  
 Gjertine Thunold Gjerdevik  
 Ingri Skjelbreid Gjelland  
 Lasse Kolltveit  
 Malin Berge Hjartnes  
 Maya Emilie Bugge Furubotn  
 Rachel Ann Rød Lamp



Illustrasjonsfoto



**Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg?**

**No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærområde.**

Den norske kyrkja samarbeidar med Fosterheimstenesta i Bergen om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

**Meir informasjon om fosterheim på [fosterheim.no](http://fosterheim.no)**



# Gudstenester i Fusa sokn

03.04.2022 - 26.06.2022

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
<b>April</b>				
03.04.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	4.søndag i fastetida
03.04.	18:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	4.søndag i fastetida
10.04.	11:00	Sundvor kyrkje	Familiegudsteneste	Palmesøndag
14.04.	11:00	Fusa bu og beh.senter	Gudsteneste	Skjærtorsdag
14.04.	19:00	Strandvik kyrkje	Kveldsgudsteneste	Skjærtorsdag
15.04.	11:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Langfredag
16.04.	23:00	Hålandsdalen kyrkje	Kveldsgudsteneste	Påskennatt
17.04.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Påskedag
18.04.	12:00	Hafskorvatnet	Friluftsgudsteneste	2. påskedag
24.04.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	2.søndag i påsketida
30.04.	11:00	Sundvor kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laurdag e. 2.sønd i påsketida
<b>Mai</b>				
01.05.	10:00	Fusa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	3.søndag i påsketida
01.05.	12:00	Fusa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	3.søndag i påsketida
07.05.	11:00	Strandvik kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laurdag e. 3.sønd i påsketida
08.05.	10:00	Hålandsdalen kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	4.søndag i påsketida
08.05.	12:00	Hålandsdalen kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	4.søndag i påsketida
15.05.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	5.søndag i påsketida
15.05.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	5.søndag i påsketida
17.05.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Høgtidsgudsteneste	17.mai
22.05.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	6.søndag i påsketida
26.05.	12:00	Vollen, Baldersheim	Friluftsgudsteneste	Kristi Himmelfartsdag
29.05.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	Søndag før pinse
<b>Juni</b>				
05.06.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Pinsedag
06.06.	12:00	Vinnesholmen	Friluftsgudsteneste	2.pinsedag
12.06.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	Treeiningssøndag
19.06.	11:00	Strandvik	Gudsteneste	2.søndag i treeiningstida
19.06.	16:30	Sundvor	Gudsteneste	2.søndag i treeiningstida
26.06.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	3.søndag i treeiningstida

Det kan kome endringar i gudstenestelista.

Frå


## KYRKJEBØKENE



Dåp

### Fusa kyrkje

20.02.2022 Nora Laupsa-Vartdal



Gravferd

### Fusa kyrkje

04.02.2022 Magnhild Berge, f.22.10.1925  
23.02.2022 Jorunn Margrete Kleppe, f. 27.01.1931  
11.03.2022 Olav Holmefjord, f. 12.08.1944

### Hålandsdalen kyrkje

18.02.2022 Lars Orra, f. 14.08.1949

### Sundvor kyrkje

16.03.2022 Elida Austefjord, f. 21.07.1926



# Informasjon

Avsendar:  
Fusa kyrkjeblad  
Postboks 73  
5649 Eikelandssosen

*Sidan sist*



BASAR: Victoria og Rune i storslag i Etiopiske klede i samband med trusopplæringstiltak om «Mor Theresa» og basar til inntekt for brannskadde barn i Etiopia. 10000,- kr. kom inn denne ettermiddagsstunda!



UKRAINA: Stor takk til Jørgen Fagerthun, Hans Inge Berge transport og alle andre engasjerte i den spontane Ukraina-aksjonen!



UKRAINA-KASSAR: Stor respons når fellesskapet i Fusa samla inn store mengder naudhjelp til Urkraina. Alt som vart samla inn i Fusa kom vel fram til trenande i Ukraina.



TÅRNAGENTAR: Ein fin flokk med tårnagentar var saman søndag 27. februar i Hålandsdal kyrkje



FAMILIEMIX: Flott å vera samla til Familiemix-gudsteneste! Familiemix 13. februar, «Bibeldagen», hadde tekstlesing på 6 forskjellige språk og samla godt med både voksne og barn.



GODT TEIKN: Det er eit godt teikn når gangen i Eikelandssosen bedehus på nytt vert fylt med sko etter korona-tida; me samlast att!